Førsteblad

1

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 11. Fylke: Telemark

Tilleggsspørsmålnr. Herad: Kviteseid

Emne: Ymse Attåtfor. Bygdelag: Brunkeberg.

Oppskr. av: Jørgen Heggtveit Gard: Heggtveit

(adresse): Meås G.nr. 103 Br.nr. 1

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle. Etter min avdøde far, og av andre og eigne røynslor.

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

SVAR

# Ymse Attåt for.

1. Røter.
Sanking av røter til naudfor hev dei travt attende so lenge som dei kann fortelja om. Det er sikkert at dei byrja med det då dei fekk ard og plog. Det vert tala om at dei grov upp røter so langt som attende mot 1700 talet.
Det som her skal fortelja om ligg kring midten av 1800 talet.
a. Forskjellige røtar.
1. No for tida vert ikkje røter sanka, dei rekna det som eit verdifullt fôr attåt det andre. Dei slutta med det fyre århundradskiftet. ca. 1870 - 80 åri
2.
Om våren tok dei med seg grev og grov upp ugrasrøter or åkrane for folk. Mange arbeide gratis, men fekk åt kosten på den staden dei var. Røtene tok dei med seg heim som for til kyrne. Det var kvekerøter

2773

som dei grov og reinska ōr, dei sådde seg fort utyver so det var serleg dei som dei måtte få tyna.
Dei vaska dei og so blötte deimm i töysåar i båsinn til kyrne.
Detti var lika av mest alle hus-
3dyri. Dei nytta fleire slags rötar utanom kveka, ejslegrasrötar, vaska dei og gav kyrne til töysor, blanda dei med agner, og andre slag.
4.
Rötane bar dei heim i sekkjir, eller når dei ha mykje, kjörde dei heim.
5. Rötane fora dei ofste etter kvart, men dei kunne nok turke dei, og so bløytte dei uppe.
6. Fleire rötar var god næring i, og var bruka til å med for folk.
Det var no helst til medisinsk bruk.
Millom desse var eit slag som dei kalla for „turt" den var å rekna som sers god. / B. Bregnar (Ulom)
1.
Dei mest bruka av bregnar til for var „björnekammen" og ormeslök, kalla gjeteslök
Den fyrste skar dei for hestane, og den seinste for gjitane. Rötane høyrde ein mindre til i bruk av.
Björnekammen var eit uvanleg godt fōr til hestane. Det var sume under seinste verdenskrigen som og skar den.
Dette var gjort um våren, når snøen minka, då kjem den fram.
Den ligg like grön under snøen.

2773

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Det er i visse år at dei tek av stad etter desse forslag no for tid, men er det lite höy og få kaupt lyt dei ty til dei. Elers so synes dei at det er for tongvint no for tid.

III.

Ana for av plantor.

Om somro for dei rondt i ejle og korn= åkran i vekstidi og lugga "or" ugras. Det var "kattenos" "kvëko" "mjöldogg" og fleire som dei "laut få" bort vis dei ikkje skulle kvele dei matnyttige vokstrar. Dei ha ikkje "trollmjöl" og hestehakke i dei dagar.

Desse plantor dei rykste or tok dei og bar heim og gav kjyne.

Det var feit mjölk av desse plantor som var tekne för dei var forstane.

No var de ikkje forlöysa som gjorde at dei sanka dette, men dei syntes at de var for godt til å kaste.

Dette er der fleire som enno brukar.

IIII.

Hestemök.

1. Hestemök til blöytfor töysor for kjyn og griser var myki bruka för. Det var svart amindleg og rekna for eit slag hjelpefor. No er de meir slutt med dette, men onder seinte verdenskrigen var de forfålt at dei på some staes i bygdarne at dei bruka det. Det var særleg te griser dei då bruka de, de var lite med kraftfor i den ti.

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING 2773

2. 4.

Hestemóki var gjevne til kjyn som töyse. Dei hakka grånbar og blanda saman med geitsalt og vis dei ha byggmjöl. Dette lika kjyne svarande godt. Dei förtel at gamle kjy drog te hestemöttingi om våren når dei kom ut, og åt hestemök, dei var vande med de frå veten av.

3.

Til griserne blanda ein saman mose mjöl og frö av höy, som dei koka graut av.

V. Sörpefor.

1. I dei meir moderne fjös hev dei no krubbor av stein. Töysor som dei blöyte i töysesåar hev gjenge ned or bruk, men er i fjöllbygdarne att enno, og der som fjösi ikkje er nye. Desse såar som dei kalla dei var gjörde slik.  Dei var gjurde med

tregjorir. Denne skredde dei og vatn i eller bar den millom seg, dei ha då tratt ein stav gjenom öyro. Her var so lagt det som skulde töysas. Det var so slege vatn på helst heit vatn på agntöysor „det laut döye seg“ som dei sa. Agner var fårlege vis ein ikkje ha heit på då dei konne posne ut i magen på kjyn, de var no berre byggagnerne som var slik. Dei fekk då „trommesjuke“ som dei kalla det.

2773

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

2. 5.

I denne töysa bruka ein som sagt alt skrapfor, både agner, gras, lauv, mose, eplegras. Eplegras var so bron og fin ein „lög" av, det lika kjyne svarande godt. Heri blanda dei so byggmjöl og ströydde på salt. Men fyrst „sika" dei av lögen den gav dei kjyne te drikke. Såarne var so sette inn i båsarne te kjyn.

3.

Dei kaldtöyste helst berre for ungdyr Til mjölkekjyn laut dei ha varmtöyse vis dei skulde få dei te å mjölke. Etter at kjyne ha bore (kalva) måtte ein ikkje bjönde med töyse dei fyste 8 dagarne. Det var speleg åt dei vart „uåte" fekk mjölkefeber som dei no seie.

4.

Rogneber hev dei ikkje fortålt at hev vore bruka her i bygdi.

5–6. Når dei brygja öl tok dei „maske" det utkoka maltet og gav te kjyn.

7. Dei koka lög både av höymolo, höyfrö og eplegras. Alt var bruka i dei dagar, „det var ikkje å springa på bui og kaupe alt då," som ein gamal mann sa. — Mange vil synas at det var ei rar fôring dei då bruka, men etter dei tilhövi dei då ha so var det mange som ha bra avdrått av buskapen den gong åg. Det var om å gjera å berge so mange av buskapen gjenom veten som rå. Om somaren fekk dei då bra „sank" av staulen, det var de dei ha te fortenest mest den gongi. Skogen var mindre verd.

2773
NORSK ETNOLOGISK GRANSKING